



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	25.10.2018
Tid:	16:30 – 19:50

Medlemmer som møtte:

Svein Gjølseth	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Egil Kjell Leikanger	Medlem	AP
Silje Oksholen Gjølseth	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK

Forfall:

Per Kristian Furø	MEDL	AP
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Leiv Aarflot	MEDL	AP
Edel Kvalsund Goksøyr	MEDL	KRF
Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Margaret Leinebø	MEDL	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Sigurd Voldsund Nygard	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Hilde Marie Brungot	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP

Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK
-----------------	------	------

Varamedlemer som møte:

Jarle Digernes	Olaug Andreassen	AP
Robert Sverre Kleppe	Per Kristian Furø	AP
Johnny Hundsnæs	Leiv Aarflot	AP
Birgitte Sævik Pedersen	Edel Kvalsund Goksøy	KRF
Knut Tandberg	Arnulf Goksøy	H
Lars Ivar Moldskred	Hilde Marie Brungot	H
Oddmund Voldsund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Joakim Eiksund	Sigurd Voldsund Nygard	H
Terje Krogset	Margaret Leinebø	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Kjetil Kvalsvik	Dag Kåre Nærø	FRP
Rolf Arne Nilsen	Frank Roy Moltu	FOLK

Andre:

Rådmann Olaus Jon Kopperstad
Politisk sekretær Brit Berge
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol
Utviklingsleiar Ole Magne Rotevatn
Planleggar Tanja Rafteseth

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt og inkalling var sendt til medlemene og varamedlemene i kvar gruppe.

Det møtte 20 medlemer og 12 varamedlemer, 1 mindre enn fulltalig.

Fungerande ordførar Camilla Storøy leia møtet. Ordførar Arnulf Goksøy har ferie. Tine Storøy vart valt til settevaraordførar.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Runar Stave og Linn Therese Sævik

Skriv delt ut i møte:

Resultatvurdering og endringsbehov.
Møtebehandling i MTK K-sak 121/18 og 122/18.
Notat i samband med invitasjon til Ungdata

Orienteringar:

Tine Storøy orienterte om Nerlandsøy bru, Herøy vidaregåande skule og hamner. Orienteringa vert sendt til medlemene av kommunestyret. Rådmannen orienterte om budsjett.

Spørsmål i møte:

Kjell Runde hadde spørsmål om barnevern. Ordføraren svara på spørsmåla.

Marthe Vågsholm Sævik fekk permisjon kl. 18:15 etter handsaming av K-sak 130/18 som vart flytta til etter K-sak 122/18.

Jens Terje Johnsen fekk permisjon frå kl. 16:35 til 17:30.

Stian Elvesæter fekk permisjon frå ein time frå K-sak 122/18 t.om. K-sak 130/18.

underskrifter

Runar Stave

Camilla Storøy

Linn Therese Sævik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 116/18	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 117/18	Protokoll frå førre møte.
PS 118/18	Delegerte saker
PS 119/18	Referatsaker
PS 120/18	Finansrapport per 31.08.2018
PS 121/18	Budsjettkontroll per 31.08.2018
PS 122/18	Tertialrapport per 01.09.2018.
PS 123/18	Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2017
PS 124/18	Detaljreguleringsplan for Elsebø - klagehandsaming
PS 125/18	Slutthandsaming: Detaljreguleringsplan for Øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.
PS 126/18	Intensjon om å oveta eigarskap til Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn
PS 127/18	Leigeavtale Myrvåg legesenter og Herøy legesenter -Evaluering
PS 128/18	Strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2016/2018 Evaluering
PS 129/18	NAV. Godkjenning av vertskommuneavtale mellom Herøy og Vanylven
PS 130/18	Svar på invitasjon til UNGDATA-deltaking 2019.
PS 131/18	Årsmelding og rekneskap for Herøy frivilligsentral 2017

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 245/18 Rullestolrampe rådhuset - søknad dispensasjon byggegrense.
- DS 246/18 Per Erling Lynge - 48/90 - Rehabilitering av skorstein
- DS 247/18 Frede Uldbæk - 87/15 - IG brygge
- DS 248/18 Skjenkebevilling - søknad om skjenking for lukka selskap 19.10.2018
- DS 249/18 Mellombels bruksløyve - 26/229
- DS 250/18 Kjøp av 80/27 i Feirelia.
- DS 251/18 Oddbjørn Roseth - 23/1 - grunnarbeid/infrastruktur
- DS 252/18 Ferdigattest - fasadeendring 26/27
- DS 253/18 Godkjenning - skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning)
- DS 254/18 Handelsbygg Holding as - 38/2 - IG grunn og fundamentarbeid
- DS 255/18 Frode Bakken - 86/52 - riving brannskada bygg
- DS 256/18 Herøy kommune - 34/84 - Fasadeendring/rullestolrampe
- DS 257/18 Thore A. Bendal - 30/3 - Frådeling
- DS 258/18 Mellombels bruksløyve - 25/89 - Einebustad
- DS 259/18 Ferdigattest - 60/399 - Garasje
- DS 260/18 Ferdigattest - 45/160 - Leilegheit A og B
- Referatsaker
- RS 35/18 Høyring mulig reduksjon i busstilbod frå 1. mai 2019 - svar
- Delegerte saker frå avdelingane
- DS 261/18 Nils - Jacob Elsebø - 30/9 - Frådeling
- DS 262/18 Geir Jostein Stenersen - 38/216 - Påbygg/tilbygg
- DS 263/18 Kjell Mikal Blomvik - 19/7 - frådeling av tilleggsareal

Referatsaker

- RS 36/18 Søknad om ruteløyve
- RS 37/18 AMU-sak 30/18. Særutskrift Årsrapport AMU 2017
- RS 38/18 Protokoll frå kontrollutvalsmøte 26.09.2018
- RS 39/18 Fagforbundet om Aleris-saka
- RS 40/18 Melding om vedtak - Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet Tidleg innsats
- RS 41/18 Orientering: Angående Marius Reikerås sin e-post 7. sept. om barnevernledere
- RS 42/18 Påmelding til ekstraordinært årsmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
- RS 43/18 Notat til kommunestyret i Volda kommune - Søre Sunnmøre IKT - Vedtekter og styrerepresentasjon

PS 116/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 117/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 118/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 119/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 120/18 FINANSRAPPORT PER 31.08.2018

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Finansrapporten per 31.08.2018 vert teken til vitande.

PS 121/18 BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2018

Møtebehandling:

Møtebehandling i MTK 15.10.2018 vart delt ut i møte.
Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

1. Kommunestyret er uroleg for den økonomiske situasjonen i 2018 og vil på nytt be om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
2. Kommunestyret vil også be om at det vert gjennomført ei streng prioritering når det gjeld kjøp av varer og tenester.

PS 122/18 TERTIALRAPPORT PER 01.09.2018.

Møtebehandling:

Tilråding i MTK 15.10.2018 vart delt ut i møte.
Kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen Hjelmeseth møtte og orienterte.
Kommunalsjef helse og omsorg møtte og orienterte.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Tertialrapporten per 01.09.2018 vert godkjend.

PS 123/18 EIGARSKAPSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2017

Møtebehandling:

Terje Krogset reiste habilitetsspørsmål. Han er svoger til dagleg leiar i Søre Sunnmøre Reinholdsverk.
Han går frå under handsaming av habilitet.
Han vart samrøystes kjend inhabil, jfr. KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav b.

Solveig Båtsvik reiste habilitetsspørsmål. Ho er medlem av styret i selskap der kommunen har eigarinteresser. Ho går frå under handsaming av habilitet.
Ho vart samrøystes kjend inhabil, jfr. KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav e.

Ole Brubakk reiste habilitetsspørsmål. Han er medlem av styret i selskap der kommunen har eigarinteresser. Han går frå under handsaming av habilitet.
Han vart samrøystes kjend inhabil, jfr. KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav e.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Herøy kommunestyre tek eigarskapskontroll rekneskapsåret 2017 til vitande.

PS 124/18 DETALJREGULERINGSPLAN FOR ELSEBØ - KLAGEHANDSAMING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot ei røyst.
Jens Terje Johnsen røysta imot.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Kommunestyret kan ikkje sjå at klagen frå innbyggjarane på Bergslia/Bergshaugen og Bergshaugen velforening inneheld moment som ikkje er teke høgde for i det gjeldande reguleringsplanframlegget som vart vedteken i møte 23.08.2018, K-sak 93/18.

Klagen frå innbyggjarane på Bergslia/Bergshaugen og Bergshaugen velforening vert difor ikkje teken til følge og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 93/18. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 125/18 SLUTTHANDSAMING: DETALJREGULERINGSPLAN FOR ØVRE FLUSUND, GNR. 27, BNR. 1 M. FL.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

1. Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.* med plankart datert 11.05.2018 og føresegner datert 25.09.2018.
2. Delar av *områdeplan for Indre Bergsøy*, planID 201247 som ny *detaljreguleringsplan for øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.*, får konsekvensar for, blir oppheva.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og 12-12, samt forvaltningslova kapittel IV innan tre – 3 veker frå kunngjeringsdato.

PS 126/18 INTENSJON OM Å OVETA EIGARSKAP TIL BØVÅGEN-, KOPPERSTAD-, RUNDE-, SANDEBUKTA- OG SKORPA FISKERIHAMN

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Herøy kommunestyre melder interesse om å overta desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn.

PS 127/18 LEIGEAVTALE MYRVÅG LEGESENTER OG HERØY LEGESENTER - EVALUERING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Kommunestyret tek evalueringa av avtalene med fastlegane ved Myrvåg og Herøy legesenter til vitende. Kommunestyret ber om at pkt.14 andre setning vert teke ut av avtalane.

Leigeavtalene med Myrvåg legesenter og Herøy legesenter vert med det gjort varige.

PS 128/18 STRATEGISK REKRUTTERINGSPLAN FASTLEGAR 2016/2018 EVALUERING

Møtebehandling:

Høgre v/Bjørn Otterleig kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga frå formannskapet:

....vert **vurdert** teke inn

Formannskapet si tilråding med framlagt tillegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Kommunestyret tek til vitende at evalueringa av den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016/2018 konkluderer med at planen har medverka til ei positiv utvikling av fastlegesituasjonen i kommunen.

Kommunestyret ber om at innspela som er kome fram i evalueringa vert vurdert teke inn i ein revidert plan. Den reviderte planen skal vedtakast av kommunestyret.

PS 129/18 NAV. GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE MELLOM HERØY OG VANYLVEN

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles NAV-kontor for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

PS 130/18 SVAR PÅ INVITASJON TIL UNGDATA-DELTAKING 2019.

Møtebehandling:

Saka vart handsama etter K-sak 122/18.

Notat i samband med invitasjon vart delt ut i møte.

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte.

Krf v/Birgitte Sævik kom med framlegg om slik endra tilråding:

Herøy kommune ynskjer å gjennomføre Ungdata 2020 for deretter å følge samla gjennomføring med dei andre kommunene på Søre Sunnmøre frå 2022.

Høgre heldt gruppemøte.

Framlegget frå Krf vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Herøy kommune ynskjer å gjennomføre Ungdata 2020 for deretter å følge samla gjennomføring med dei andre kommunene på Søre Sunnmøre frå 2022.

PS 131/18 ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2017

Møtebehandling:

Terje Krogset reiste habilitetsspørsmål. Han er medlem av styret i

Herøy frivilligsentral.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Han vart samrøystes kjend inhabil, jfr. KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav e.

Komite for næring, kultur og idrett si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2018

Årsmelding og rekneskap for Herøy frivilligsentral 2017 vert godkjend.

MØTET SLUTT!

